



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Kontakt saksbehandlar  
Ørjan Simonsen, 51568905

## Uttale med motsegn til høyring av revisjonsdokument for Røldal-Suldal reguleringa, og bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga

---

**Det må leggast opp til ei miljøtilpassa vassføring for Roaldkvamsåa og Brattlandsåa. Desse elvene er viktige for storauren i vassdraget. Minstevassføringa må ein finne ved bruk av metoden miljødesign i vassdrag. Utbyggingsløysinga med Nordmork kraftverk meiner vi kan vere ei god løysing for å oppnå minstevassføring i Roaldkvamsåa.**

**NVE må pålegge undersøkingar som fører til økt kunnskap om alle vassførekomstane påverka av Røldal-Suldal reguleringa. Målet må vere å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å klassifisere vassførekomstane med høg presisjon i Vann-Nett. Deretter kan ein finne eigna tiltak for å betre miljøtilstand, og sette miljømål *godt økologisk potensial*.**

**Vi vurderer, ut frå søknaden og dagens kunnskapsgrunnlag, at Kvanndal 2 pumpekraftverk - og effektane pumpekraftverket vil ha på Holmavatnet - vil kome i konflikt med tiltaksplanar for Setesdal Ryfylke villreinområde og nasjonale mål for villrein. Vi viser òg til naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning, og til § 4 om forvaltningsmål for naturtypar og økosystem og § 5 om forvaltningsmål for artar, i den same lova. Slik Statsforvaltaren ser det vil ein konsesjon som omsøkt, utan ytterlegare tilpassingar, innebere uakseptable konsekvensar for villrein, jf. vassdragsreguleringsloven § 5. Eit mogleg avbøtande tiltak som vi ønskjer å diskutere med NVE og Lyse Kraft er at det blir sett pumpestans i perioden 1. desember - 31. mars. Frå april vil villreinen stort sett vere ute av området.**

**Vi fremjar på bakgrunn av dette motsegn mot Kvanndal 2 pumpekraftverk, med heimel i vassdragsreguleringslova § 12 andre ledd, og etter prinsipp og kriterium for motsegn i rundskriv nr. T-2/16.**

---



Statsforvaltaren i Rogaland viser til høyring av revisjonsdokument for Røldal-Suldal kraftverk, samt konsesjonssøknaden knytt til opprusting og utviding av dei eksisterande reguleringane, motteke i brev frå NVE den 23.04.2024 med lenke til NVE sine heimesider for full tilgang til alle dokumenta. Utsett høyringsfrist til 01.11.2024 er gitt av sakshandsamar hos NVE.

Alle kraftverka er lokalisert i kommunane Suldal i Rogaland og Ullensvang i Vestland, men reguleringane påverkar òg Vinje kommune i Telemark, og Bykle kommune i Agder.

Statsforvaltaren i Rogaland gir med dette sin uttale til Lyse Kraft sitt revisjonsdokument og konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal-Suldal kraftverk. Desse to dokumenta med vedlegg må sjåast i samanheng, samstundes som det er to ulike løp med ulike formelle krav. Sjølv om Statsforvaltaren i Rogaland først og fremst har ansvar for Rogaland, vil vi også kommentere på delen av utbygginga som er i lokalisert i Vestland. Dette området er ein del av Rogaland vassregion, og Statsforvaltaren i Rogaland har ansvar knytt til karakterisering og klassifisering av vassføre-komstane også i dette området. I tillegg beveger villreinen seg uavhengig av fylkesgrensene, slik at tiltak i våre nabofylke vil påverke villreinstamma i Rogaland.

## Bakgrunn

Lyse Kraft DA har utarbeidd revisjonsdokument for Røldal-Suldal reguleringa på bakgrunn av innkomne krav frå Ullensvang (tidlegare Odda) og Suldal kommunar, og føringar frå NVE. Dokumenta skal saman med innkomne høyringsfråsegner gi grunnlag for reviderte vilkår.

I Meld. St. 14 (2015-2016) «Natur for livet» s. 95 blir revisjon av vasskraftkonsesjonar beskrive: «*Dette er et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkårene og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem mer i tråd med dagens miljøstandarder.*» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal altså vurderast opp mot nye avbøtande tiltak for å betre miljøforholda. Aktuelle avbøtande tiltak som kan vurderast i revisjonen, er slepp av minstevassføring og miljø-tilpassa vassføring, eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Det vil vidare bli innført moderne standardvilkår, som gir heimelsgrunnlag til å kunne pålegge tiltak som fremjar naturmangfold og ulike brukarinteresser.

Lyse Kraft har også søkt om konsesjon til å bygge og drive fem nye kraftverk, kor tre av desse er pumpekraftverk. Av pumpekraftverka er to i Vestland, og eitt i Rogaland. I Vestland gjeld det Røldal 2 pumpekraftverk, som vil utnytte fallet mellom Votnavatnet og Røldalsvatnet, og Novle 2 pumpe-kraftverk, som vil utnytte fallet mellom Votnavatnet og Valldalsmagasinet. Maksimal pumpekapasitet vil vere  $46 \text{ m}^3/\text{s}$  i Røldal 2, og  $33 \text{ m}^3/\text{s}$  i Novle 2. Om begge pumpekraftverka går med maksimal kapasitet, kan vasstanden i Votna auke med inntil 4,0 meter per døgn, utover effekten av det som kjem naturleg frå lokaltilsiget.

Kvanndal 2 er pumpekraftverket som er søkt bygd i Rogaland. Dette kraftverket utnyttar fallet mellom Holmavatnet og Kvanndalsfoss. Maksimal pumpekapasitet vil vere  $25 \text{ m}^3/\text{s}$ . Det blir søkt om auka regulering av Holmavatnet med 5 m senking, og total regulering aukar med det frå 10 til 15 meter. Om pumpekraftverket går med maksimal kapasitet, kan vasstanden i Holmavatnet auke med inntil 0,25 cm per døgn, utover effekten av det som kjem naturleg frå lokaltilsiget.



I tillegg til desse tre pumpekraftverka, er det søkt om bygging av to kraftverk som utnyttar fallet frå Kvandalsfoss. Det eine er Suldal 2B, som vil utnytte fallet til Suldalsvatnet og gå i parallel med dagens Suldal 2 kraftverk. Det andre er Nordmork, som vil utnytte fallet til Roaldkvamsåna og sikre minstevassføring der.

Dei nye kraftverka vil innebere nokre oppgraderingar av kraftnettet, men dette inngår ikkje i denne høyringa.

## Vår vurdering

Røldal-Suldal reguleringa produserer mykje klimavenleg energi og har stor samfunnsnytte. Konsesjonen er likevel gitt på ei tid då naturmiljø blei tillagt mindre vekt enn i dag, og revisjonen skal bringe konsesjonsvilkåra meir i tråd med dagens miljøstandard.

Saka gjeld både revisjon av vasskraftkonsesjon og konsesjonssøknad (opprusting og utviding – OU) om fem nye vasskraftverk, i eit område med nasjonale natur- og friluftsinteresser. Totalt er dette ein svært stor sak, og det er viktig at søknaden om OU ikkje fører til at vi gløymer revisjonssaka som skal sikre meir miljøtilpassa vilkår for gjeldande regulering.

## Villrein

Villreinen i tiltaksområdet er klassifisert med dårlig kvalitet etter «Kvalitetsnorm for villrein», og har status som nær truga på raudlista. Villreinen er truga frå mange hald, kor vasskraftutbyggingar er ein vesentleg påverkar.

Størstedelen av revisjonsområdet ligg i Setesdal Ryfylke villreinområde, som strekker seg frå Rv 42 i sør til E134 over Haukeli i nord. Hardangervidda villreinområde ligg nord for E134.

Den negative utviklinga er bakgrunnen for at det i år blei lagt fram ei eiga stortingsmelding om villrein: Meld. St. 18 (2023–2024) «*Ein forbetra tilstand for villrein*». Meldinga omtalar villreinens historiske utvikling, kva for utfordringar villrein har i dag, og kva som er regjeringas konkrete mål for villreinen. Meldinga fremjar videre ny politikk innanfor fem strategiske område: 1) heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet, 2) auka tilrettelegging av villreinvenleg ferdsel, 3) betre villreinhelse, 4) meir berekraftig bestandsforvaltning av villrein, og 5) målretta restaurering av villreinens leveområde. Tiltak og bruk av verkemiddel skal vere effektive og målretta.

Tiltaksplanar for sju nasjonale villreinområde, deriblant Setesdal Ryfylke villreinområde ligg per no til behandling i Klima- og miljødepartementet. Her ligg det inne ei rekke konkrente tiltak, mellom anna om å regulere/redusere samla aktivitet i kjende flaskehalsar som hindrar funksjonelle trekkpassasjar.

### Revisjon av Røldal-Suldal reguleringa

Ut frå kjende effektar av magasinutbygging, og handlingsrommet i ei revisjonssak, bør tiltak som kan lette trekkvegar og så langt som råd atterskapa tapte passasjar, ha hovudfokus i revisjonssaka. Lyse Kraft løyser dette med å sjå revisjon og OU i samanheng, og meiner at ein slik kan finne løysingar som både tek omsyn til miljø og samfunnet sitt behov for kraftproduksjon. Dette er ei problematisk tilnærming når einskilde av dei nye tiltaka kan ha større negative konsekvensar enn det dei avbøtande tiltaka kan rette opp. Vi meiner derfor at det i vilkårsrevisjonen må bli pålagt å gjennomføre avbøtande miljøtiltak mot villrein, sjølv om det ikkje blir gitt konsesjon til OU i Røldal Suldal reguleringa.



I revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk er området ved Holmavassåna trekt fram som spesielt viktig, saman med kravet om å sjå alle revisionar innan villreinområdet samla. Lyse Kraft stiller seg også positive til å oppretta eit felles villreinfond.

Lyse Kraft har ved fleire høve nemnt at det kan bli aktuelt å tilbakeføre anleggsvegen langs Sandvatn og inn til Holmavatn som eit naturrestaureringstiltak. Ei tilbakeføring vil ta bort all forstyrring av villreinen frå vegen, og ha positiv innverknad på verneverdiane knytt til landskapet i verneområda. Om anleggsvegen ikkje blir tilbakeført, må omsynet til villreinen bli ivaretatt gjennom bomregime og bompllassering. Anleggsvegen bør haldast stengt fram til 15. juli, og bommen flyttast 2 km mot vest. Begge desse tiltaka vil redusere forstyrringa av simlene under eit årleg beitetrekks til området i månadsskiftet juni/juli.

I Lyse kraft sitt revisjonsdokument blir dei negative miljøkonsekvensane av dagens regulering av Isvatnet og vintertappinga i Holmavassåno, foreslått løyst gjennom eit OU prosjekt for Røldal Suldal kraftverk. Dette OU prosjektet er det og søkt konsesjon for.

#### *Konsesjon til opprusting og utviding*

Saman med revisjonsdokumentet, kom konsesjonssøknaden for opprusting og utviding av Røldal-Suldal kraftverk. Begge dokumenta og deira vedlegg må sjåast i samanheng, samstundes som det er to sjølvstendige prosessar.

Statsforvaltaren i Rogaland er særleg bekymra for villreinens bruk og trekk vinterstid over Holmavatnet og tilhøyrande influensområde, dersom det skulle bli ei utbygging av nytt pumpekraftverk Kvanndal 2. Effektkøyring med variasjon i vasstand gjennom døgnet er forventa å gi usikker is i vinterhalvåret, noko som kan føre til at ein får eit nytt vandringshinder for villreinen. Om dei kvista løypene må leggast på land som ein konsekvens av usikker is, vil dette føre til auka forstyrring av villreinen i eit svært viktig vinterbeiteområde

Eit av måla med Holmavassåno biotopvernombordet, er å sikre viktige trekkvegar for villreinen. Både GPS-plott og feltobservasjonar viser at Gravetjørnnuten på sørvestsida av Holmavatnet og områda på nordaustsida av vatnet, blir særleg mykje brukt til vinterbeite. NIVA sitt kart over kvalitet på vinterbeite, viser at dette er spesielt gode vinterbiteområder. Desse områda inneholdt og mange mindre kollar og knausar kor snøen bles bort og gjer maten lettare tilgjengeleg for villreinen. Holmavatnet blir ein naturleg trekkveg mellom desse beiteområda, i tillegg til at holmane blir brukt til beite.

Ein manglar sikker kunnskap om korleis isen på Holmavatnet vil bli, men Norconsult sin KU slår fast at isen vil bli svakare i ei sone langs land: *Pumpekraftverk «vil innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes meir oppsprukken is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid»*. Det er altså fare for at isen på Holmavatnet blir så dårleg at villreinen ikkje vil bruke den, og at heile Holmavatnet blir eit nytt vandringshinder i eit godt vinterbeiteområde.

Dei siste åra har det kome fleire indikasjonar på at den store samla belastinga byrjar å få konsekvensar for villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde. Ifølgje Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane var stamma sør for Blåsjø freda for jakt i 2024 fordi teljingar vist eit lågt tal på dyr. Dei siste åra har og kalveproduksjonen hatt ein nedadgåande tendens, samstundes som slaktevektene på kalv og har gått nedover. At dyra blir mindre



samstundes som dei blir færre er svært illevarslande. Dette er ikkje ein situasjon kor det bør leggast opp til tiltak som aukar den samla belastninga for villreinen i området.

Regjeringa har iverksett eit arbeid med tiltaksplan for å betre tilstanden. Det er då avgjerande viktig at me ikkje samstundes gjer situasjonen verre for villrein. Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for villreinen i Setesdal Ryfylke er därleg og at den samla belastninga er for stor. Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare.

Om vintertappinga frå Holmavatnet til Sandvatn gjennom Holmavassåno tek slutt, vil Holmavassåna ikkje lenger vere eit vandringshinder for villrein. Dette vil vere positivt for villreinen, og gjere at dyra fritt kan trekke sørover til vinterbeiteområda rundt Holmavatnet. Vi ser likevel ikkje at ei opning av dette vandringshinderet, vil veie opp for at Holmavatnet kan bli eit nytt vandringshinder. Holmavatnet blir brukt i utstrekkt grad som trekkveg mellom viktige vinterbeiteområder, inkludert holmane. I revisjonskravet frå kommunane er det sett fram krav om bygging av ein eller fleire tersklar som skal lette villreinens trekk over Holmavassåno.

For å kome med eit konstruktivt innspel, har vi eit forslag som vi meiner kan løyse denne floka. I møte med Lyse Kraft kom det fram at pumping nok vil vere mest aktuelt haust og vår, når tilsiget til Kvandalsfoss er størst. Området rundt Holmavatnet er viktig som vinterbeite fram til slutten av mars, og isen legg seg gjerne på Holmavatnet rundt 1. desember. Eit avbøtande tiltak Statsforvaltaren ser som aktuelt, og som kanskje kan løyse utfordringane med pumping av vatn til Holmvatnet, er at det blir sett restriksjonar på pumpinga i perioden 1. desember – 31. mars. Då vil villreinen stort sett vere ute av området når pumpinga igjen startar opp.

Dei same utfordringane knytt til pumping ser vi vil oppstå i Votna. Her vil kapasiteten tilseie enda større variasjon gjennom døgnet, opptil 4 meter per døgn. Her vil vi kort nemne at det er vedteke reguleringsplan for Dyrskartunnelen, som vil innebere ein lang tunnel mellom Røldal og Ulevåvatnet. Med ein slik tunnel, vil dagens E134 ikkje lenger utgjere det same stengselet for villreinen, og det vil vere håp om at villreinen kan ta opp igjen gammalt vandringsmønster mellom funksjonsområda som ligg nord og sør for dagens veg. Ny tunnel er understreka som eit svært viktig tiltak i tiltaksplanane for begge villreinområda.

Vi vurderer, ut frå søknaden og dagens kunnskapsgrunnlag, at Kvanndal 2 pumpekraftverk - og effektane pumpekraftverket vil ha på Holmavatnet - vil kome i konflikt med tiltaksplanar for Setesdal Ryfylke villreinområde og nasjonale mål for villreinen. Vi viser òg til naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning, og til § 4 om forvaltningsmål for naturtyper og økosystem og § 5 om forvaltningsmål for artar, i den same lova. Slik Statsforvaltaren ser det vil ein konsesjon som omsøkt, utan ytterlegare tilpassingar, innebere uakseptable konsekvensar for villrein, jf. vassdragsreguleringsloven § 5.

Det er også heilt avgjerande at saker av slikt omfang som denne blir tilstrekkeleg utgreidd med høve til naturmangfald. Dette følg både av det generelle utgreiingskravet i § 17 i forvaltningslova og krava til kunnskapsgrunnlag i § 8 i naturmangfaldlova. Vidare er konsekvensane for naturmangfaldet ein viktig del av konsekvensutredninga etter KU-forskrifta. Statsforvaltaren sin vurdering er at dette ikkje er tilstrekkeleg utgreidd når det gjeld villrein og andre sensitive artar til at det er forsvarleg å treffe konsesjonsvedtak i saka.

Vi fremjar på bakgrunn av dette **motsegn** mot Kvanndal 2 pumpekraftverk, med heimel i vassdragsreguleringslova § 12 andre ledd, og etter prinsipp og kriterium for motsegn i rundskriv nr. T-2/16.



## Fisk og vassmiljø

Storauren i Suldalsvatnet og gyte- og oppvekstområda i Roaldkvamsåa og Brattlandsåa, er godt beskrive og dagens kunnskapsgrunnlag vurderer vi som bra. Kunnskapsgrunnlaget inkluderer ulike rapportar utarbeida av Norconsult for Lyse Kraft, og gir eit godt utgangspunkt for tiltak, og dei tiltaka som er føreslått er gode og kreative.

For dei fleste elvene og bekkene som ikkje har storaure, er kunnskapsgrunnlaget mykje dårlegare, og det er få av vassførekomstane som har eit kunnskapsgrunnlag som gir høgare enn lav presisjon i Vann-Nett. Dette er lite problematisert i dokumenta frå Lyse Kraft. Mykje av undersøkingane som nå ser ut til å ligge inne i Vann-Nett, er heller ikkje reelle undersøkingar, men lagt inn for å oppfylle kravet i Vann-Nett om eitt biologisk kvalitetselement til kvar sterkt modifisert vassførekomst (SMVF). Dette er gjerne undersøkingar knytt til vassplanter i innsjøane, og botndyr i elver.

NVE må pålegge undersøkingar som fører til økt kunnskap om alle vassførekomstane påverka av kraftverka i Røldal-Suldal reguleringa, ikkje berre dei sentrale innsjøane og elvene. Målet må vere å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å kunne klassifisere vassførekomstane med høg presisjon i Vann-Nett. Berre slik kan ein finne eigna tiltak for å betre miljøtilstanden, og sette miljømål *godt økologisk potensial* for kvar einskild vassførekomst. Undersøkingar av bekker og elver må i tillegg til biologiske parameter, også gjennomføre morfologiske undersøkingar og vurderingar.

For Holmavatnet er det gjort gode undersøkingar og vurderingar knytt til dagens tilstand og effektar av eventuell framtidig auka regulering for fisk og botndyr. 12 meter regulering er grensa mellom dårleg og svært dårleg tilstand ifølgje *Klassifiseringsveileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann. Økologisk og kjemisk klassifiseringssystem for kystvann, grunnvann, innsjøer og elver, kap. 6.4.4*. Med ei auka regulering frå 10 til 15 meter, vil denne grensa kryssast, og forholda for spesielt skjoldkreps vil forverrast. Dette er eit viktig fødeemne for fisken i Holmavatnet. I tillegg vil gjerne tilgangen til gytebekkar forverrast med auka regulering, spesielt om reguleringa varierer mykje grunna pumpekraftverket Kvanndal 2. Konsekvensen kan lett bli at fiskeutsett må oppretthaldast, sjølv med eit overordna mål om å redusere dette. Utbygginga vil dermed kunne føre til at dagens sjølvrekutterande aurebestand av god kvalitet blir erstatta av ein bestand med redusert kvalitet som er avhengig av utsettingar. Som eit avbøtande tiltak føreslår vi at det vert stilt vilkår om ei manøvrering som sikrar skjoldkreps.

For storaurebestanden i Roaldkvamsåa synes utbyggingsløysinga med Nordmork kraftverk å vere ei god løysing. Løysinga inkluderer minstevassføring, som vil vere viktig for storauren i vassdraget. Dersom Nordmork kraftstasjon ikkje blir bygd, må ei miljøtilpassa vassføring i Roalkvamsåa gis på anna måte gjennom vilkårsrevisjonen. Den konkrete minstevassføringa må ein finne ved bruk av metoden miljødesign i vassdrag.

Det må også vere eit vilkår om miljøtilpassa minstevassføring i Brattlandsdalsåa. Dette vil vere viktig for storauren i vassdraget. Det må utgreiast nærmare om vassføringa skal komme frå Røldalsvatnet, og slik gje ei minstevassføring gjennom heile dalføret, eller om ein skal pumpe vatn opp frå Suldalsvatnet – om lag 700 m - slik Lyse kraft har lagt fram på ulike møte og synfaringar.

I samband med minstevassføring i Roalkvamsåa og Brattlandsdalsåa, må det også gjennomførast habitatforbetrande tiltak. For å optimalisera vassmengda og habitat, bør det vere eit prøvereglement før ein vedtek endeleg minstevassføring. Alle tiltak som er positive for storauren, vil også vere positive for brunaure, laks og vassmiljøet generelt.



Lyse Kraft vurderer slepp frå Stølsåa som ei dårleg løysing for å betre forholda for storaure og laks. Statsforvaltaren ser argumenta for denne vurderinga, og meiner det då er desto viktigare med ei miljøtilpassa vassføring i Brattlandsdalsåa.

For Isvatnet vil ein stans i aktiv regulering gi ei betring i forholda for fisk og vassmiljø både i innsjøen og vassdraget nedstrøms. Vi støtter opp om dette, og meiner NVE kritisk må vurdere Tverrå-prosjektet opp mot verneverdiane for området og verdien av å ha ein bekk med god økologisk tilstand rennande inn i Sandvatn.

### **Forureining**

Eit så omfattande arbeid som her er presentert, vil føre til store inngrep med fare for forureining frå deponi og tunneldrift. Frå NGU sitt berggrunnskart ser det ut som at delar av tiltaksområdet er i fjell bestående av fyllitt. Dette gjeld særleg området nord for Sandvatn, i området rundt Kvanndal 2. Ein må vere ekstra forsiktig med deponering av fyllitt som kan være syredannande og lekke ut tungmetall til vassdraga. Uttak av massar med fyllitt må planleggast slik at ein unngår forureining.

Deponering av fyllitt kan krevje eit eige løyve frå Statsforvaltaren etter forureiningslova.

### **Sensitiv art**

Det føreligg ei registrering av ein sårbar og sensitiv art i tiltaksområdet. Observasjonen er frå 2021, og anleggsarbeid vil kunne fortrenge arten frå potensiell hekkeplass. Kunnskapsgrunnlaget er svakt, og det må gjennomførst undersøkingar for å auke kunnskapsgrunnlaget. Med auka kunnskapsgrunnlag, vil det også vere enklare å gjennomføre avbøtande tiltak. Statsforvaltaren kan kontaktast for meir informasjon om denne arten som er unntatt offentlegheita.

### **Konklusjon**

Statsforvaltaren i Rogaland ser viktigheita av å kunne lagre vatn for å produsere kraft når behovet er stort i eit system med stadig meir uregulerbar sol- og vindkraft. Samstundes er vår rolle først og fremst å ta vare på naturen i saker der verneinteressene blir sett opp mot andre samfunnsinteresser, som vasskraft i dette tilfellet. Ei opprusting og utviding som dette, kan også ut frå eit naturvernperspektiv føretrekkjast framfor utbygging av nye naturområde for å nå nasjonale mål om energiutbygging. Likevel, slik søknadane nå ligg føre, og ut frå dagens kunnskapsgrunnlag og konflikten med nasjonale miljøverdiar, ser Kvanndal 2 pumpekraftverk - og effektane pumpekraftverket vil ha på Holmavantet - ut til å kunne få så store negative konsekvensar for villreinen i Setesdal Ryfylke villreinområde, at Statsforvaltaren i Rogaland vel å koma med motsegn til planane slik dei nå føreligg. Heimelen for motsegn er å finna i vassdragsreguleringslova § 12 andre ledd, og etter prinsipp og kriterium for motsegn i rundskriv nr. T-2/16. Eit mogleg avbøtande tiltak som vi ønskjer å diskutere med NVE og Lyse Kraft er at det blir sett pumpestans i perioden 1. desember - 31. mars. Frå april vil villreinen stort sett vere ute av området.

Statsforvaltaren avventar innkalling frå NVE for drøfting av motsegn.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)  
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen  
fylkesmiljøvernsjef



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

Kopi til:

|   |               |      |           |
|---|---------------|------|-----------|
| Suldal kommune                          | Eidsvegen 7   | 4230 | Sand      |
| Rogaland fylkeskommune                  | Postboks 130  | 4001 | Stavanger |
| Statsforvalteren i Agder                | Postboks 504  | 4804 | ARENDAL   |
| Statsforvaltaren i Vestland             | Njøsavegen 2  | 6863 | LEIKANGER |
| Statsforvalteren i Vestfold og Telemark | Postboks 2076 | 3103 | TØNSBERG  |